

# Tvisteløysingsnemnda etter arbeidsmiljølova

Vedtaksdato: 22.10.2015  
Ref. nr.: 15/26632  
Saksbehandlar: Nina N. Hermansen

## **VEDTAK NR 67/15 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

**Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag den 15. oktober 2015.**

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

### **Faste medlemmer**

Anne Marie Due (vara for Henning Harborg), leiar  
Lornts Nagelhus (vara for Silje H. Solberg), LO  
Silje S. Almestrand (vara for Elisabeth Lea Strøm), NHO

### **Særskilde oppnemnde medlemmer**

Cecilie R. Sæther, KS  
Ingrid Tordis Enoksen, NSF

### **Saka gjeld**

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

### **Arbeidstakar**

A

### **Arbeidsgivar**

B

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som sjukepleiar i nattstilling på 55 prosent ved X i B. Ho har vært sjukemeldt frå stillinga si sidan 29. januar 2015.

A har tidligare søkt om auka stilling etter arbeidsmiljøloven § 14-4 a og fått avslag. A søkte på 100 prosent fast stilling som sjukepleiar på dag/kveld/helg ved X og fekk avslag seinast ved brev av 12. mars 2015. Ein ekstern søker fekk stillinga.

I brev av 16. april 2015 framsette A krav om førerett til 100 prosent midlertidig stilling ved X, avdeling Y. A fekk avslag 29. april 2015, men fekk tilbod om 55 prosent midlertidig stilling på dag/kveld ut 2015 og permisjon frå si faste stilling i same periode. A takka nei til dette. Ein ekstern søker fekk stillinga.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda av NSF avdeling B på vegne av A ved brev av 13. mai 2015.

Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev med vedlegg datert 22. juni 2015
- brev datert 21. september 2015
- e-post av 7. oktober 2015 med vedlegg

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev med vedlegg datert 13. mai 2015
- brev poststemplet 22. juni 2015
- brev datert 20. august 2015

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A meiner at ho har førerett til stillinga og at ho ønskjer meir dag og kveldsvakter på grunn av helseproblema, samt at ho ønskjer å få meir erfaring i rolla som sjukepleiar.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B meiner at A ikkje har førerett til stillinga, då ho ikkje er eigna og kvalifisert. Kommunen viser til fleire episodar som grunngjer dette. Arbeidsgivar har prøvd å imøtekomm A ved å tilby henne vakter på dagtid slik at ho kunne få betre oppfølging og opplæring. A har avslått dette.

### **Tvisteløysingsnemndas merknader**

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 første ledd og § 14-3 fjerde ledd. Frist for å bringe saka inn for nemnda er fire veker etter at arbeidsgivar avslo krav frå arbeidstakar, jf. forskrift om tvisteløsningsnemnd etter arbeidsmiljøloven § 3 tredje ledd.

Søknad om førerett for A på 100 prosent fast stilling vart avslått seinast ved brev 12. mars 2015. Frist for å fremma saken var 9. april 2015. A brakte tvisten inn for tvisteløysningsnemnda i brev datert 13. mai 2015. Nemnda reknar ikkje tvisten for rettidig fremma. Derimot kan nemnda behandle tvist om førerett for A på 100 prosent vikariat som vart avslått 29. april 2015.

Nemnda har i tidligare sakar lagt til grunn at arbeidstakarar kan gjere førerett gjeldande til vikariat, sjå vedtak 02/09 og 05/09.

Arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd fastset at ”*deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten*”. Det er eit vilkår at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 andre ledd. Ved vurderinga av om ein arbeidstakar er kvalifisert kan det, etter lovens forarbeid, tas omsyn til både faglege og personlege føresetnader.

Det presiseras i forarbeida til føresegna (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) at føreretten til utvida stilling etter § 14-3 gjelder stillingar med om lag dei same arbeidsoppgåver som den deltidstilsette allereie utfører. Dette er også lagt til grunn i nemndas praksis.

Nemndas fleirtal, Due, Almestrand og Sæther, har kome til at dei to stillingane ikkje har «om lag dei same arbeidsoppgåver». Slik saka er opplyst synast det for fleirtalet som ei 100 prosent sjukepleiarstilling på dag/kveld innhald fleire oppgåver som A ikkje utførar i si stilling på natt. Til døme nemnes deltaking på tverfagleg samarbeid internt/eksternt, deltaking i planarbeid og utvikling av tiltak for målgruppa, ansvar for tiltaksplaner, journalsystem og å kontrollere medisin. Det er også ulike ansvarsoppgåver på natt og dag. Fleirtalet legg også vekt på at kommunen i denne verksemda har organisert arbeidet ved at det er oppretta eigne nattstillingar. A hadde derfor ikkje førerett til vikariatet etter arbeidsmiljøloven § 14-3.

Då fleirtalet har kome til at dei to stillingane ikkje har «om lag dei same arbeidsoppgåver» tas det ikkje stilling til om A er kvalifisert for stillinga.

Nemndas mindretal, Nagelhus og Enoksen, er komne til eit anna resultat enn fleirtalet. Som presisert i forarbeida gjelder føreretten til utvida stilling etter § 14-3 stillingar med «om lag dei same arbeidsoppgåver» som den deltidstilsette allereie utfører. På bakgrunn av sakas opplysningar finn mindretalet at stillingane har om lag dei same arbeidsoppgåvene. Begge stillingane er sjukepleiarstillingar på same arbeidsplass, X. Den omstridde stillinga har same formelle kvalifikasjonskrav og stillingstittel som A har i sin eksisterande stilling. Når arbeidstida i sjukepleiarstillingane er forlagt til høvesvis natt og dag/kveld, inneber det naturleg nok ei viss ulikheit i arbeidsoppgåver, men etter mindretalalets syn er ikkje denne forskjellen av ein slik karakter at arbeidsoppgåvene ikkje kan sjås som «om lag dei same». Mindretalet viser i denne samanheng til føresegrens formål om å bidra til å redusere uønskt deltid, dette tilseier ein ikkje for streng fortolking av omgrepene «om lag dei same arbeidsoppgåvene».

Arbeidsgivar har gjort gjeldande at A ikkje er kvalifisert/eigna for stillinga, derunder at ho ikkje er trygg nok, og at ho treng betre oppfølging og opplæring på oppgåver det er lite av på natt. På grunnlag av sakas opplysning er mindretalet av den oppfatning at arbeidsgivar ikkje i

tilstrekkelig grad har underbygget påstandane om at A ikkje er kvalifisert/eigna til stilling på dag/kveld.

A har i dag ei fast stilling som nattevakt, men ho arbeider også som vikar/sommarvikar på dagtid, mellom anna i helger. Det forhold at ho ville trenge noko opplæring knytt til oppgåver det er lite av på natt, kan etter mindretalets oppfatning ikkje grunngi eit avslag på førerett knytt til manglande kvalifikasjonar. Mindretalet viser i denne samanheng også til utlysningsteksten for stillinga, kor nyutdanna sjukepleiarar vert oppfordra til å söke. Mindretalet meiner på denne bakgrunn at A oppfyller kvalifikasjonskravet for den utlyste sjukepleiestillinga.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
leiar

Oslo, 22.10.2015

### **Til orientering:**

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

*”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.*